



Forskarutdanningsmelding 2024

Lagt fram for Forskingsutvalet 24. april 2025 og Høgskulestyret 8. mai 2025.
Forskringsrådgivar Sunniva Hagen og forskingsjef Henriette Hafsaas



HØGSKULEN
I VOLDA

Innhald

1. Innleiing	2
1.1. Nøkkeltal	2
2. Årsverk og opptak	3
3. Kjønnsbalanse, aldersfordeling og nasjonalitet	4
4. Avlagte doktorgradar	5
4.1. Gjennomføring	6
5. Finansiering av forskarutdanning	8
6. Vitskapleg publisering	8
7. Ressursar til doktorgradskandidatar	9
7.1. Driftsmidlar	9
7.2. Utanlandsstipend	9
7.3. Forskarskular	9
7.4. Avhandlingsforum	9
7.5. Andre aktivitetar og tiltak	10
8. Doktorgradsprogram	10
8.1 Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag	10
8.2. Doktorgradsprogrammet i utdanning, språk og kultur	10
8.3 Fordeling på doktorgradsprogram	10
9. Systematisk kvalitetsarbeid	11
10. Vidare arbeid	11
11. Kjelder	12

Bilete på framsida:

Øvst: HVO-tilsette som disputerte i 2024. Frå venstre Trudi Henrydotter Eikrem, Julia Melnikova, Liv Kristin Bjørlykke Øvereng, Jostein Garcia de Presno. Foto: Steinarr Sommerset.

Nedst: Arbeidsgruppa for ny ph.d. og forskningssjef Henriette Hafsaas. Frå venstre: Professor Inger Marie Okkenhaug, forskningssjef Henriette Hafsaas, professor Siv Måseidvåg Gamlem, professor Per Halse, professor Tor Arne Haugen, professor Marie Nedregotten Sørbo. Foto: Steinarr Sommerset.

Framsida: Vilde Moltudal Igland.

1. Innleiing

Forskinsadministrasjonen har sidan 2010 lagt fram årlege forskingsmeldingar for styret ved Høgskulen i Volda (HVO). Dette er det andre året ei eiga forskarutdanningsmelding vert lagt fram. Forskarutdanningsmeldinga skal synleggjere arbeidet som vert gjort innan forskarutdanning ved HVO, og skal gi grunnlag for vidare utvikling.

Forskarutdanning er eit sentralt verkemiddel for kompetansebygging ved HVO og i regionen. HVO har den lågaste delen førstekompetente i den statlege delen av UH-sektoren (TR 2024), og Møre og Romsdal er blant dei fylka i landet der prosentdelen av befolkninga med doktorgrad er lågast¹. I sum er stipendiatstillingar den mest verdifulle forskingsressursen som ligg til fellesnivået ved HVO², og doktorgradskandidatane utgjer ein viktig del av fagmiljøa ved høgskulen.

Dei fleste som arbeider med doktorgradsprosjekt ved HVO er stipendiatar i tre- eller fireårsløp, og dei er tilsett på åremål ved ei av avdelingane. I tillegg arbeider somme høgskulelektorar med doktorgradsprosjekt i forkingstida si i eit femårsløp³. Somme faste tilsette arbeider også mot dr.philos. utan å vere tatt opp på eit doktorgradsprogram, og utan rettleiing og driftsmidlar.

1.1. Nøkkeltal

Per desember 2024 hadde HVO 42 stipendiatar i løp⁴. I tillegg arbeider fem tilsette aktivt med doktorgradsprosjekt i den interne 50/50-ordninga, medan to tilsette har vore i denne ordninga og planlegg å levere. Fem tidlegare stipendiatar arbeider vidare med doktorgradsprosjektet sitt i FoU-tida ved HVO etter utløpet av stipendiatperioden, medan tre tidlegare tilsette med avslutta stipendiatfinansiering melder at dei har ambisjonar om å ferdigstille doktorgradsprosjektet. I tillegg er to eksterne ph.d. kandidatar tekne opp på doktorgradsprogrammet i helse - og sosialfag. Nøkkeltala for doktorgradsutdanninga i 2024 er presentert i Tabell 1.

Tabell 1. Nøkkeltal for 2024. I tabellen er nokre tal oppgitt på institusjonsnivå av personvernsyn.

	AHL	ASH	AMF	AKF	Totalt
Stipendiatar	13	15	8	6	42
Høgskulelektorar i doktorgradsløp	7				7
Utlyste stipendiatstillingar	5	4			9
Eksterne ph.d. kandidatar		2			2
Nye avtalar (oppstart 2024)	2	1			3
Avlagte doktorgradar	4	2*		1	7*
Gjennomstrøyming brutto (2018)					5,5 år
Gjennomføring 6 år (%)					62,5%
Avbrotne avtalar					0
Underkjenningar					0
Mindre omarbeidingar					1

*Inkluderer dr. philos.

Per 1. desember viser oppteljinga at det vart teke opp tre nye stipendiatar i 2024 (også omtalt som «nye avtalar»). Talet på nye stipendiatar i 2024 er lågare enn gjennomsnittet for dei tre siste åra, som

¹ SSB: Befolkningens utdanningsnivå

² Forskingsmelding 2022: [forskingsmelding-2022-nettsida.pdf](#)

³ Høgskulelektorar i doktorgradsløp utan å vere tilsett som stipendiatar. Vert også omtalt som 50/50-ordninga.

⁴ Ut frå personallistene per 1.12.24.

er 10,3 (12 i 2021, 12 i 2022, 7 i 2023). Dette heng saman med at det vart lyst ut få nye stipendiatstillingar i 2023 i påvente av det nye doktorgradsprogrammet ved HVO.

2. Årsverk og opptak

I 2024 utførte stipendiatane totalt 38 årsverk ved HVO (DBH⁵). Tabell 2 syner ei klar auke i årsverk utført av stipendiatar ved HVO dei siste åra, frå 17 årsverk i 2020. I tillegg held åtte tidlegare stipendiatar fram med doktorgradsprosjektet med sikte på å levere arbeidet til bedømming, og sju tilsette arbeider mot ph.d.-graden i doktorgradsløp over fem år.

Tabell 2. Årsverk utført av stipendiatar ved samanliknbare høgskular dei siste fem åra (DBH).

Institusjon	2020	2021	2022	2023	2024	Gjennomsnitt
HVL	140	155	160	159	163	155
HiNN	98	99	131	135	128	118
VID	47	51	41	43	36	44
HiØ	29	37	45	37	37	37
HVO	17	28	40	42	38	30
HiM	25	28	30	29	33	29
Samisk høgskole	11	8	9	9	6	9

Tabell 3 syner utlyste stipendiatstillingar ved HVO dei siste fem åra.

Tabell 3. Utlyste stipendiatstillingar ved HVO dei siste fem åra.

Årstal	2020		2021		2022		2023		2024		Totalt	
Ordinære utlysingar	Utløst	Tilsett	Utløst	Tilsett	Utløst	Tilsett	Utløst	Tilsett	Utløst	Tilsett	Utløst	Tilsett
Mediefag			3	3							3	3
Kulturfag			3	2							3	2
Lærarutdanning	2	2	5	5							7	7
Kulturmøte	1	1									1	1
Nynorsk			1	1							1	1
Helse- og sosialfag	3	2	2	2	2	2	3	1	4	3	14	10
Manreport (NFR)			2	2							2	2
Prog4math (NFR)							1	1			1	1
Koronastipendiat	6	6									6	6
Utdanning, språk og kultur									5	5	5	5
Totalt	12	11	16	15	2	2	4	2	9	8	43	38
Eksternt finansierte												
Møre og Romsdal fylkeskommune					1	1					1	1
Prog4math (NFR)							1	1			1	1
Totalt utlyste og tilsette	12	11	16	15	3	3	5	3	9	8	45	40

⁵ [Database for statistikk om høyere utdanning - DBH \(hkdir.no\)](https://hkdir.no/)

I 2024 vart det lyst ut inntil fem stipendiatstillingar knytt til det nye doktorgradsprogrammet i utdanning, språk og kultur, og inntil fire stipendiatstillingar på doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag. Dei som vart tilsett i 2024 startar opp i 2025. Oppstart som stipendiat eller 50/50-kandidat føreset opptak på eit doktorgradsprogram gjennom ei formalisert skriftleg avtale som regulerer rettar og plikter til partane gjennom doktorgradsløpet. Det var ingen høgskulelektorar som starta opp i doktorgradsløp i 50/50-ordninga i 2024.

Samanlikna med andre høgskular syner Tabell 4 at HVO over tid har hatt færre rekrutteringsstillingar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling. Den låge prosentdelen ved HVO har også samband med få eksterne prosjekt. Veksten i stipendiatårsverk sidan 2022 heng saman med dei seks koronastillingane i 2020 og ekstra utlysingar i 2021. Forskingsadministrasjonen vurderer at HVO bør halde prosentdelen årsverk i rekrutteringsstillingar av vitenskapleg tilsette på eit nivå mellom 12 og 15 prosent for å sikre nok stipendiatar i doktorgradsprogramma, auke talet på tilsette med førstekompetanse og heve talet publiseringspoeng per vitenskapleg tilsett.

Tabell 4. Prosentdel årsverk i rekrutteringsstillingar av undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling ved HVO og samanliknbare institusjonar. Kjelde: DBH, nøkkeltal.

Institusjon	2020	2021	2022	2023	2024	Gjennomsnitt
Samisk høgskule	23,7	18,87	18,87	18,81	11,55	18,4
Høgskolen i Molde	17,83	16,87	17,53	16,03	16,92	17,0
Høgskolen i Innlandet	14,86	14,42	17,62	18,02	17,24	16,4
Høgskolen på Vestlandet	12,22	13,9	14,46	14,12	14,64	13,9
VID	16,56	16,61	13,14	12,22	10,53	13,8
Høgskulen i Volda	7,27	11,15	15,1	16,49	15,51	13,1
Høgskolen i Østfold	7,37	8,94	10,45	8,48	9,42	8,9

3. Kjønnssalanse, aldersfordeling og nasjonalitet

I 2024 var gjennomsnittsalderen for stipendiatane ved HVO 40 år. Til samanlikning var gjennomsnittsalderen 38 år ved dei statlege høgskulane, mot 33 år som gjennomsnitt i sektoren (DBH). Gjennomsnittsalderen for 50/50-kandidatane ved HVO er 45 år.

64 prosent av stipendiatane ved HVO er kvinner, medan 60 prosent av doktorgradskandidatane i 50/50-ordninga er kvinner.

Ni av stipendiatane ved HVO er internasjonalt rekrutterte. Tabell 5 viser prosentdel avlagte doktorgradar av personar med utanlandsk statsborgarskap ved samanliknbare høgskular og det nasjonale snittet. Det er færre doktorgradar avlagt av personar med utanlandsk statsborgarskap ved HVO enn det som er vanleg i UH-sektoren.

Tabell 5. Prosentdel doktorgradar avlagt av personar med utanlandsk statsborgarskap ved HVO og andre samanliknbare institusjonar. Kjelde: SSB, statistikk over forskarpersonalet.

Institusjon	2020	2021	2022	2023	2024
Høgskolen i Molde	:	:	:	43	:
Høgskolen i Innlandet	8	48	12	28	45
Høgskolen på Vestlandet	:	50	40	50	46
VID	30	:	17	:	19
Høgskulen i Volda*	0	:	..	0	:
Nasjonalt snitt	40	44	40	44	

*Berre på eige program.

: Vert ikkje vist av konfidensialitetsomsyn.

.. Mangelfullt talgrunnlag

4. Avlagte doktorgradar

I 2024 vart det avlagt sju doktorgradar av personar som er eller har vore tilsett ved HVO.⁶ Av dei avlagte doktorgradane var det ein som disputerte på doktorgradsprogrammet som HVO har saman med Høgskolen i Molde (HiM), fem samarbeidsgrader der kandidaten har teke doktorgraden ved annan institusjon med HVO som arbeidsgivar, og éin dr.philos. To av dei som disputerte på doktorgradsprogram ved andre institusjonar tok doktorgraden gjennom 50/50-ordninga.

Av dei avlagte doktorgradene i 2024 var 71,4 prosent kvinner. Fire av dei som disputerte arbeider i dag i ei fast stilling ved HVO, medan ein arbeider i Helse Møre og Romsdal, ein i kommunesektoren, og ein ved ein annan UH-institusjon. Dette viser at dei som har teke doktorgraden sin gjennom HVO får nytta kompetansen sin i arbeidslivet.

Figur 1. Kandidatar som avla doktorgrad i 2024. Utdrag frå nettsida til HVO, UiB og UiO⁷.



Jostein Garcia de Presno, disputas 29.11.24.

Avhandling: *"Kun at de skjer med Orden." Rettssaken mot Hans Nielsen Hauge og institusjonaliseringen av Haugebevegelsen.*



Liv Kristin Bjørlykke Øvereng, disputas 29.11.24.

Avhandling: *Nettbrett i begynneropplæringa. Ein studie av lærar-elev-interaksjon og bruk av nettbrett i klasseromspraksis.*



Kirsti Kverndokk Bjerkan, disputas 23.09.24.

Avhandling: *The role of pre- and postoperative patient education a decade after bariatric surgery.*



Kaja Elise Enge, disputas 11.06.24.

Avhandling: *Being with friends and having fun!*

⁶ Sjå: [Disputasar ved tilsette på Høgskulen i Volda](#) | [Høgskulen i Volda \(hivolda.no\)](#)

⁷ [UiB: Kaja Elise Enge](#) og [UiO: Øystein Hide](#)



Trudi Henrydotter Eikrem,
disputas 26.04.24.

Avhandling: *Frå mat til merkevare. Christian Johnsens klippfiskhandel i perioden kring 1850–1890.*



Øystein Hide,
disputas 26.01.24.

Avhandling: *"Eg trur på deg, mi sjel..." Om sjølvkommunikasjon i Olav H. Hauge: Dagbok 1924 – 1994.*



Julia Melnikova,
disputas 19.01.24.

Avhandling: *Norwegian high school encounters migrant families: A case study of parental involvement in three schools.*

Dei siste fem åra har det blitt avlagt 30 doktorgradar av kandidatar ved HVO (tabell 6). 70 prosent av dei som har avlagt doktorgrad ved HVO dei siste fem åra er kvinner. 30 prosent har teke doktorgraden på doktorgradsprogrammet som HVO har saman med Høgskolen i Molde. Tabell 6 syner at det har vore jamt med disputasar ved HVO dei siste åra. Forskingsadministrasjonen vurderer det som sannsynleg at vi også får mange disputasar i 2025 og 2026.⁸

Tabell 6. Tal disputasar ved HVO dei siste 5 åra.

År	2020	2021	2022	2023	2024	Total
AHL	4	3	1	4*	4	16
ASH		1	4	1	2	8
AMF		2		1		3
AKF				2	1	3
Avlagte doktorgradar	4	6	5	8*	7*	30
HVO på eige program	-	1	4	3	1	9

*Inkluderer dr. philos.


4.1. Gjennomføring

Gjennomføringsgraden i forskarutdanninga er ein av styringsparametrane til Kunnskapsdepartementet. Ei doktorgradsutdanning er normert til tre år og har normalt eitt årsverk med pliktarbeid i tillegg. Gjennomføringsgraden for ph.d.-kandidatar vert målt ved å sjå på andelen ph.d.-kandidatar som har fullført seks år etter opptak på ph.d.-program. Ved HVO er det også fleire stipendiatar som er inne i eit femårig internt løp, og dei er i utgangspunktet tett på den nasjonale styringsparameteren når det gjeld gjennomføring. Måling seks år etter oppstart tek dermed eit visst omsyn til ulike typar opphald i forskarutdanninga (TR 2023: 61).

I 2024 fullførte 62,5 prosent av kandidatane som starta eit doktorgradsløp ved HVO i 2018 innan seks år. 75% av kandidatane i doktorgradsprogrammet med HiM fullførte innan seks år. Gjennomsnittet for dei statlege institusjonane var 64,2 prosent i 2024 (DBH).

⁸ Av dei 42 stipendiatane som er i løp ved HVO per desember 2024, har 17 stipendiatar planlagt sluttdato i 2025. Blant dei tilsette i 50/50-ordninga har to planlagt sluttdato i 2025.

Figur 2. Gjennomføringsgrad for ph.d. kandidatar ved HVO og statlege institusjonar, 2020-2024.



Figur 2 syner ei positiv utvikling for HVO dei siste to åra. På sektornivå har tala for gjennomføring halde seg jamne over tid, men på institusjonsnivå kan det vere store årlege variasjonar. Dette gjeld særleg for mindre institusjonar med relativt få kandidatar, der små endringar kan gi store utslag i prosent (TR 2024: 128).

Brutto gjennomføringstid for kandidatane som starta i 2018 var 5,5 år. For kullet som starta i 2018 har to stipendiatar som ikkje fullførte innan dei seks åra valt frivillig avslutning før utløpet av stipendiatperioden. I sektoren er det vanleg at rundt 15 prosent av dei som startar på doktorgradsutdanninga trekk seg frå avtalen – gjerne dersom dei ikkje vert ferdige med doktorgradsprosjektet i stipendiatperioden (Ph.d.-utdanningsmeldingen 2022, UiB⁹).

Det er viktig at HVO har tett oppfølging av kandidatane i finansieringsperioden, då det er meir utfordrande å fullføre når perioden har gått ut. Forskingsadministrasjonen vurderer at HVO bør få på plass rutinar for oppfølging av kandidatar der framdriftsrapporteringa viser at dei har utfordringar med å bli ferdige i løpet av stipendiatperioden. Implementeringa av eit slikt system er også eit tiltak i Planar 2025. I tillegg bør HVO undersøkje årsakene til fråfall. Med tanke på god statistikk på gjennomføringsparameteren er det strategisk viktig at stipendiatane startar i løpa sine tidleg i kalenderåret.

Brutto gjennomføringstid for kandidatane som avla doktorgraden for HVO i 2024 var 7 år.¹⁰ Brutto gjennomføringstid er tid utan fråtrekk for permisjonar eller eventuelt pliktarbeid, og inkluderer også tid etter at finansieringsperioden eventuelt er over.

Det var ingen doktorgradsavtaler som vart avbrotne gjennom frivillig avslutning av kandidaten i 2024. Ein doktorgradsavtale vert avbrote når anten doktorgradskandidaten eller institusjonen avsluttar avtalen. Kandidaten kan søkje om frivillig avslutning, medan doktorgradsprogrammet berre har høve til å krevje tvungen avslutning på bakgrunn av ureieleg forking eller om kandidaten i vesentleg grad ikkje oppfyller pliktene sine etter doktorgradsavtalen (t.d. gjennom manglande framdrift).

Ei avhandling vert underkjent dersom den har blitt levert til bedømming og vurdert som ikkje verdig til forsvar. Ingen doktorgradsprosjekt ved HVO vart underkjent i 2024.

⁹ Sjå: [5001_vedlegg_-_ph.d.-utdanningsmeldingen_2022_.pdf \(uib.no\)](#)

¹⁰ I dette talet er ikkje gjennomføring på dr. Philos telt med.

5. Finansiering av forskarutdanning

Stipendiatane ved HVO er i hovudsak finansierte over løyvinga frå Kunnskapsdepartementet. I 2024 var 95 prosent av stipendiatane finansierte av HVO.


Forskringsrådet (NFR) utgjer til vanleg den største kjelda til eksternt finansierte doktorgradsstipend ved HVO. Ein av stipendiatane som starta opp i 2024 er finansierte av Forskringsrådet etter at prosjektet *Programming for Developing Mathematical Competencies* fekk innvilga støtte i 2023. I tillegg finansierer Møre og Romsdal fylkeskommune eitt doktorgradsprosjekt som starta opp i 2023 på programmet *Sirkulære system for eit berekraftig Møre og Romsdal*.¹¹ Forskringsadministrasjonen vurderer at HVO har potensial til å få ekstern finansiering til fleire doktorgradsprosjekt.

HVO-tilsette som skal søkje om opptak på doktorgradsprogram utan å vere stipendiatar må sende søknad til avdelinga ved dekan. Utlysing vert kunngjort av avdelinga etter avklaring med direktør. Dekanen godkjenner søknaden ut frå ei samla vurdering. HVO-tilsette i doktorgradsløp er som regel kvalifiserte for driftsmidlar som avdelinga finansierer og bestemmer storleiken på.¹²

6. Vitskapleg publisering

Stipendiatane produserte i snitt 0,32 publiseringspoeng per årsverk i 2024, noko som er tilnærma likt som i 2023 (0,33 poeng per årsverk). Figur 3 syner ei framstilling av publiseringspoeng per årsverk for stipendiatane dei siste fem åra. Forskringsadministrasjonen vurderer at ein kan vente eit noko høgare tal i 2025 og 2026, då mange av stipendiatane ved HVO no nærmar seg slutten av stipendiatperioden. Dei tilsette som er i doktorgradsløp produserte 0,89 poeng per årsverk i 2024, mot 0,63 poeng per årsverk i 2023 og 1,22 i 2022.

Figur 3. Gjennomsnittleg publiseringspoeng pr. årsverk for stipendiatane ved HVO, 2020-2024.



Av dei vitskaplege publikasjonane som var eine- eller medforfatta av ph.d.-kandidatar i 2024 var 73 prosent tidsskriftartiklar, medan 27 prosent var antologiartiklar (høvesvis 80 og 20 prosent med 50/50 ordninga).

Delen forfattarbidrag på nivå 2 var 53 prosent for publikasjonar med ph.d.-kandidatar (43% med 50/50 ordninga). Forskringsadministrasjonen vurderer dette som positivt for forskarar i starten av

¹¹ I tillegg er to eksternt finansierte ph.d. kandidatar tekne opp ved doktorgradsprogrammet i helse og sosialfag. Desse kandidatane er finansierte av Bufetat og Helse Møre og Romsdal.

¹² HVO: [Retningslinjer for høgskulelektorar i doktorgradsløp ved Høgskulen i Volda](#)

karrieren, og det er med på å løfte nivået på publiseringa ved HVO. Rekordhøge 28 prosent av forfattarandelane var på nivå 2 for HVO i 2024.

HVO oppnådde 138,32 publikasjonspoeng i 2024. Av desse produserte stipendiatane (som eine- eller medforfattar) totalt 13,5 publiseringspoeng (9,8%), medan tilsette i 50/50 ordninga stod for 5,2 publiseringspoeng i 2024 (3,8%).

7. Ressursar til doktorgradskandidatar

7.1. Driftsmidlar

Doktorgradskandidatar som er tilsett ved HVO får tildelt driftsmidlar for å dekke naudsynte driftskostnader for å gjennomføre forskarutdanninga i den avtalte tilsettingsperioden. Alle stipendiatar får som hovudregel kr. 150 000 i driftsmidlar for doktorgradsperioden. For høgskulelektorar i doktorgradsløp vert behovet for driftsmidlar vurdert av dekan i det enkelte tilfellet. Stipendiatane har samlokaliserte kontor plassar på Lettbygget.

7.2. Utanlandsstipend

Stipendiatar og fagleg tilsette ved HVO kan søkje om støtte til utanlandsopphald. Ved tildelinga av utanlandsstipend for 2024 gjekk seks av sju stipend til stipendiatar eller tilsette som arbeider med doktorgradsprosjekt. Av desse var to kandidatar på forskingsopphald utanfor Europa. I utlysingane i 2023 og 2024 har det vore ein auke i talet søknader om utanlandsstipend frå doktorgradskandidatar. Korona er ein av årsakene til at få reiste på utanlandsopphald åra før dette, men også før 2020 vart det motteke få søknader om støtte til utanlandsopphald frå ph.d.-kandidatar ved HVO.

7.3. Forskarskular

HVO er medlem av regionale og nasjonale forskarskular innan relevante fagområde for å støtte den faglege utviklinga til stipendiatane og 50/50-kandidatane.¹³ I 2024 var HVO med i følgjande forskarskular:

- The Nordic Graduate School of Educational Research (tidlegare WNGER II)
- PROFES – Den tverrfaglege og tverrprofesjonelle forskarskulen for praksisnær forskning
- Norwegian Graduate School in Mathematics and Science Education (MaScE)
- Den nasjonale forskerskolen i historie (The Norwegian Research School in History, NRSH)
- Religion - Values - Society (RVS)
- Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies

PROFRES og MaScE starta opp i 2022 med støtte frå Forskingsrådet. For fleire av dei andre forskarskulane må HVO betale for å delta. Deltakinga i forskarskulane frå stipendiatane ved HVO varierer.

7.4. Avhandlingsforum

Avhandlingsforum vart oppretta i 2014 for å følgje opp stipendiatane og styrke gjennomføringsgraden for alle som arbeider med doktorgradsprosjekt ved HVO. I 2024 hadde Avhandlingsforum fem møte i semesteret. Eitt av møta var i samarbeid med Forskingsdagane, og eitt møte i samband med skriveseminar for stipendiatane i Loen. Dei ordinære møta veksla mellom framlegging av prosjekt og tilbakemelding på avhandlingstekst (artiklar, kapittel, kappe). I samlingane fekk stipendiatane tilbakemelding på prosjektet og skrivne arbeid av andre stipendiatar og meir røynde forskarar. I samband med disputas vert det i tillegg organisert ekstraordinære møte der stipendiatane får legge fram og få tilbakemelding på prøveførelesinga si.

¹³ [Forskarskular og forskarkurs | Høgskulen i Volda \(hivolda.no\)](#)

7.5. Andre aktivitetar og tiltak

Forskningsadministrasjonen har gjennomført årlege oppstartsseminar for nye stipendiatar sidan 2022. Føremålet er å ønskje nye stipendiatar velkomen og informere om relevante tenester og støtteordningar. Informasjon frå IT, Biblioteket, Personal- og dokumentforvaltning, Kommunikasjon og Forskningsadministrasjonen er til vanleg ein del av programmet. Det vart gjennomført oppstartsseminar for nye ph.d.-kandidatar i april 2024.

I regi av Stipendiatforeininga, og med støtte frå Forskningsadministrasjonen, vart det arrangert eit to-dagars skriveseminar for stipendiatane hausten 2024. Dette i samband med avhandlingsforum. Stipendiatane har også hatt felles skriveøkter ("Shut up and write") ved HVO annankvar fredag som har blitt støtta av Forskningsadministrasjonen med kaffi og frukt.

8. Doktorgradsprogram

8.1 Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag

Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde tilbyr i fellesskap ph.d.-utdanninga: "*Helse- og sosialfag. Profesjonsutøving - vilkår og utvikling*".¹⁴ Dei første stipendiatane på programmet ved HVO starta opp hausten 2015. Ved utgangen av 2024 hadde Høgskulen i Volda 13 stipendiatar på programmet. I tillegg er to eksterne kandidatar tekne opp på doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag. Ni HVO-stipendiatar disputert – ein i 2021, fire i 2022, tre i 2023 og ein i 2024.

Metodeforum er ei gruppe for alle kandidatar, rettleiarar og faglege som er knytt til doktorgradsprogrammet. Metodeforum inkluderer både faglege og sosiale aktivitetar, og i regi av Metodeforum vart det arrangert to fysiske samlingar i 2024. Metodeforum blir arrangert i Molde om våren og i Volda om hausten. Leiar for Metodeforum er Kjellaug Klock Myklebust ved Høgskolen i Molde.

Som ein del av Metodeforum blir det arrangert Rettleiarakademi for ph.d.-rettleiarar. Rettleiarakademiet er eit forum for opplæring og erfaringsdeling knytt til rettleiing på doktorgradsnivå.

Doktorgradsutvalet for helse- og sosialfag er ansvarlege for opptak til og for gjennomføring av ph.d.-studiet. Årlege framdriftsrapportar er ein sentral del av kvalitetsarbeidet. Midtvegsevaluering skal verte gjennomført innan 2/3 av ph.d.-perioden for alle kandidatar som er tekne opp på doktorgradsprogrammet. Våren 2024 vart det gjennomført ei kandidatundersøking.

8.2. Doktorgradsprogrammet i utdanning, språk og kultur

Våren 2025 startar Høgskulen i Volda eit nytt doktorgradsprogram i Utdanning, språk og kultur. Dette er ei forskarutdanning på tvers av utdanningsvitskap og språk- og kulturfag.¹⁵ Fem eigne stipendiatar, ein høgskulelektor i 50/50-ordning og ein ekstern kandidat tek til i programmet i første halvår 2025. Doktorgradsutvalet for utdanning, språk og kultur er ansvarlege for opptak til og for gjennomføring av ph.d.-studiet.

8.3 Fordeling på doktorgradsprogram


Per desember 2024 hadde HVO 42 stipendiatar i løp, samt sju tilsette som arbeider med doktorgradsprosjekt i den interne 50/50-ordninga. Figur 4 syner fordelinga av kandidatar på eksterne

¹⁴ [Ph.d. i helse- og sosialfag | Høgskulen i Volda \(hivolda.no\)](https://hivolda.no)

¹⁵ [Ph.d.-program i utdanning, språk og kultur | Høgskulen i Volda](https://hivolda.no)

doktorgradsprogram og program ved HVO frå 2021-2025. Tala inkluderer stipendiatar ved HVO og høgskulelektorar i doktorgradsløp per 11. april 2025.¹⁶

Figur 4. Kandidatar fordelt på doktorgradsprogram, 2021-2025.



9. Systematisk kvalitetsarbeid

Alle stipendiatar ved HVO skal følgjast opp med medarbeidersamtalar minst ein gong i året. Dekan har ansvaret for gjennomføring av medarbeidersamtalen. Vidare skal stipendiaten følgje planen om framdriftsrapportering som er på doktorgradsprogrammet sitt. Stipendiatar som går på doktorgradsprogram ved ein annan institusjon skal sende kopi av framdriftsrapporten til dekan for arkivering.

På alle avdelingane ved HVO er medarbeidersamtalar med stipendiatane blitt gjennomført i 2024. Nokre samtalar blei gjennomført våren 2025, og nokre få utsett grunna langtidsfråvær. Framdriftsrapportar er blitt levert, med unntak av ein rapport som er etterspurt, og nokre som er unnateke fordi dei har hatt midtvegsevaluering.

Stipendiatforeninga er eit fellesforum for alle som arbeider med doktorgradsprosjekt ved HVO. Forskingsadministrasjonen har årlege statusmøte med stipendiatforeninga. I 2024 var det gjennomført to statusmøte. Stipendiatforeninga er også representert med éin vald medlem i Forskingsutvalet ved Høgskulen i Volda.

10. Vidare arbeid

HVO vil vidare rette merksemd mot ulike nøkkeltal, sikre god gjennomføring, og fortsette å arbeide med aktuelle tiltak. Som ein del av kvalitetsarbeidet arbeider Forskingsadministrasjonen med ei ph.d. handbok som skal vere eit hjelpemiddel for dei som tek doktorgradsutdanning. Informasjonen vil ta utgangspunkt i aktuelle lover og reglar, og inkludere viktige element frå opptak, undervegs i løpet, og fram til disputas.

I 2025 vil HVO arbeide vidare med systematisk kvalitetsarbeid. Forskingsadministrasjonen vurderer ei kandidatundersøking og alumnusundersøking som tenleg. Vidare bør HVO etablere rutinar for oppfølging av kandidatar som i framdriftsrapporteringa viser utfordringar med å fullføre i finansieringsperioden, og vurdere ei ordning med gjennomføringsstipend til stipendiatar. I tillegg bør HVO undersøkje årsakene til fråfall.

¹⁶ Det er i tillegg nokre kandidatar som startar opp på HVO sine doktorgradsprogram seinare i 2025.

11. Kjelder

Følgjande eksterne datakjelder har blitt nytta i arbeidet med Forskarutdanningsmeldinga 2024:

- Tilstandsrapport for høgare utdanning 2024¹⁷ og 2023¹⁸. Når denne kjelda er nytta er det merka med «TR 2024» eller «TR 2023».
- Database for statistikk om høgare utdanning (DBH).¹⁹ Denne kjelda er markert med «DBH».
- Cristin²⁰ er eit forskingsinformasjonssystem der vitenskaplege publiseringar og annan forskings- og utviklingsaktivitet vert registrert. Cristin-registreringane utgjer grunnlaget for statistikk om publisering i DBH.
- SSB: statistikk om forskarpersonale²¹ og statistikk og befolkningens utdanningsnivå²².

I tillegg har HVO sine nettsider, intern statistikk og Forskingsmelding 2022 og 2023 blitt nytta i arbeidet.

¹⁷ <https://hkdir.no/rapporter-undersokelser-og-statistikk/tilstandsrapport-for-hoyere-utdanning-2024>

¹⁸ [Tilstandsrapport for høyere utdanning 2023 | HK-dir](#)

¹⁹ [Database for statistikk om høyere utdanning - DBH \(hkdir.no\)](#)

²⁰ [Cristin](#)

²¹ [Forskerpersonale – SSB](#)

²² [SSB: Befolkningens utdanningsnivå](#)